

# Objektivitet er ein vanskeleg balansegang

Rådmannen si innstilling på å avslå utbyggingane i Jostedalen handlar ikkje i det vesentlege om natur og romantisering av denne, men er eit svar til Statkraft som kommunen meiner leverer ein for dårleg utbyggingsavtale. Oddvin Fossøy overser denne argumentasjonen heilt og vil heller gjera rådmannen til ein romantikar. Slikt er lite objektivt og vitnar om manglande respekt og sakleg / fagleg argumentasjonsevne. Eit bibelsitat hjelper heller lite.

Skal ein predike om sanninga bør ein halde seg til den sjølv òg.

Minstevassføring er som regel eit krav, men er ikkje lovpålagt. Lov om vassdrag og grunnvatn, vassressurslova §8.6. Hovudregelen er at minst den alminnelege lågvassføringa skal vera tilbake.

Statkraft viser i si konsekvensutgreiing sjølve til at nokre elvar har svært låg minstevassføring:

For Kjøsnestfjorden kraftverk som vart sett i drift i 2010, er det totalt 13 små og store inntak. Det er berre pålagt minstevassføring, 120 l/sek, for eitt av inntaka, Hovudinntaket i Trollavatnet.

For Vestsideelvane har Statkraft søkt om ei minstevassføring på alminneleg lågvassføring, som til saman for alle dei 8 inntaka, er 90 l/sek. Til samanlikning: Summen av gjennomsnittleg sommarvassføring ved dei 8 inntaka er 8.460 l/sek (8,46 m<sup>3</sup>/sek). Sjå tabell 4.4 på side 34 i konsesjonssøknaden.

Tala for Vestsideelvane er henta frå side 34 og 35 i konsesjonssøknaden.

Landskapsopplevinga vert forringa ved redusert vassmengde, men er også avhengig av utforminga av vassdraget. Korleis redusert vassføring eller fråfall av denne verkar inn på enkeltmenneske avheng

sjølvsagt mykje av vårt forhold til naturen og verdsetjinga av denne. At mange av oss set stor pris på inngrepsfrie naturområde med fritt rennande vatn er ei like stor sanning som at nokon meiner kronene til kommunen og grunneigarane tel mest. Begge perspektiv krev respekt.

Vatn er ikkje berre vatn. Vatn gjev liv og grunnlag for liv. Inngrep i naturen kan ikkje alltid reverserast og ofte tek det svært mange tiår før sårar gror. Det handlar om mykje meir enn å fylle att betong i eit tunnelhol (tippar, vegar, riggområde, utsprengte område, steinbrot, reduserte fiskebestandar og gyteplassar m.m.).

La komande generasjonar sjølve få ta den avgjerda om at naturen nærast busetnaden i bygda skal ha inngrepsfrie område eller ei. Dei mange i bygda som no driv naturbasert næring profilerer bygda og naturkvalitetane på beste måte. Dei er med på å driva fram ei positiv og framtidsretta samfunnsutvikling med auka tilflytting og auke i næringa lokalt til gagn for heile regionen. Korleis set ein slike heilt naudsynthe ressursar i eit lokalsamfunn opp mot reine kapitalinntekter? Utan folketalsauke og vekst stagnerer samfunnet. Kva tel mest?

Mange har ytra seg og meiner nok er nok. Mange av desse har nettopp dei drivkreftene samfunna våre treng for å utvikla seg framover. Det er ikkje kommunekassa som er minimumsfaktoren i Luster kommune. Det er nok heller fleire engasjerte, initiativrike og dyktige entreprenørar og ambassadørar for naturarv-kommunen!

Flaumskadar og førebygging har vore og vil framleis vera eit aktuelt tema i Jostedalen. Av det som har kome fram av utgreiingar knytt til utbygginga av Vestsideelvane, tyder



det ikkje på at dei aktuelle utbyggingane vil hindre flaumskadar, snarare tvert imot. Inntaka vil vera for små til å kunne ta unna dei store vassmengdene samt lausrivne steinar og tre som kjem ved ein flaum. Inntaka vert fort tette og inntaksevna vil verta redusert. Ved større overføringar til Leirdalsmagasinet vil ein flaumsituasjon her og forverra ytterlegare. Flaumreduksjon er soleis ikkje lenger eit godt argument for ei utbygging. Tvert i mot!

Om nokre millionar ekstra i ei rik kommunekasse er meir verdt enn ambassadørane for Jostedalen, deira naturbaserte næringsverksemdar, naturen i seg sjølv og alle dei titusentals gode opplevingar den gir grunnlag for kvart år, det er det inga sanning om. Men delte meiningar. Objektive eller subjektive?

Ei utbygging vil ikkje gagna alle innbyggjarane i Jostedalen og Luster berre positivt. Det er også ei sanning.

Derimot vil vi meine at rådmannen og advokaten har lagt fram ei fagleg, objektiv utgreiing om kvalitetane og svake sider ved utbyggingsavtalen Statkraft har tilbode.

Natur- og friluftslivsorganisasjonar i fylket slår ring om den resterande inngrepsfrie vassdragsnaturen i Jostedalen! Vi tel mange tusen stemmer i tillegg til dei som allereie har sagt at nok er nok i Jostedalen! Objektiviteten er vanskeleg å diskutera, men eit ektefølt engasjement for ekte naturopplevingar, det er udiskutabelt!

**Thorleif Jakobsen**  
Naturvernforbundet i Sogn  
og Fjordane  
**Marino J. Ask**  
Sogn og Fjordane Turlag  
**Elisabeth Dahle**  
FNF Sogn og Fjordane

## Aksjonen mot kraftutbyggingane i Jostedalen

Gledeleg nok for debatten har utbyggingstilhengarane no endeleg kome på banen – åtte grunneigarar i Sogn Avis laurdag og eit innlegg av Ingar Norberg. (17/10).

Når det gjeld spørsmåla hans om medlemstal og organiseringa av aksjonsnemnda, la me ut den informasjonen han bad om på nettsida vår alt fredag, så spesielt interesserte kan sjå der.

Når me er bedne om å kommentere kva me trur folk i Jostedalen meiner om kraftutbygginga, har me vore tydelege på at det er delte meiningar om saka. Det sa eg også i Vestlandsrevyen torsdag. Me har dessutan sagt at

det varierer frå grend til grend, og at folk ser ut til å vere mest positive i Sperla krins. Men me har også sagt at det verkar som at eit klart fleirtal av dei som har bestemt seg, er mot. Sidan me no er kritiserte for å svare dette når nokon spør oss, kan me godt fortelje kva me byggjer på.

I Leirdalen og Vigdalen har grendelaga sendt inn høringsfråsegner og elles meldt at alle grunneigarar og fastbuande går mot utbyggingsplanane. I Krundalen skreiv i 2009 42 av dei 47 fastbuande på det tidspunktet under mot turrlegging av dei to elvane der (Tverradøla og Røykjadøla). I 2009 låg det òg ei tid ute ein

underskriftsaksjon på nettet som aldri var avslutta og aldri følgt opp med papirunderskriftslistar (tot 360 underskrifter). Legg ein dette saman med krundalsoppropet og trekjer frå overlappinga, finn me at 101 fastbuande jostedøler over 16 år skreiv under mot utbygginga på ei tid då saka var langt mindre framme enn no. Dei siste dagane har 45 personar mellom ca 16 og 30 år som er vakse opp i Jostedalen, Leirdalen og Vigdalen skrive under eit eige opprop mot utbygginga.

Høringsfråsegnene til kommunen/NVE talar også sitt tydelege språk. Berre éi av dei kring 25 uttalane er positivt til

utbygginga. Tilhengarane har fram til dei siste dagane vore så usynlege at ein skuffa ordførar Torodd Urnes sa dette i formannskapet torsdag: «Om mange framleis er FOR utbygging i Jostedalen, burde me høyrte mykje meir frå dei.»

Aksjonsnemnda representerer berre seg sjølv og har konsentrert seg om å få fram fakta og argument i saka. Det er vanskeleg å skjønne kva faktagrunnlag somme måtte ha for å dra i tvil det me har sagt ovanfor.

**Bjørn André Skjæret**  
Leiar i Aksjonsnemnda  
Vestsida-Vigdøla.no